

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	02.12.2024

Skulebruksplan 2025-2031

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret gjer vedtak om å samla alle ungdomskuleelevene på Bremnes ungdomsskule. Ungdomstrinnet frå Hillestveit vert flytta frå skuleåret 2025/26 og ungdomstrinnet frå Moster vert flytta i 2030/31.
2. Kommunestyret gjer vedtak om å leggja ned Foldrøy skule frå hausten 2025.
3. Kommunestyret bed administrasjonen koma attende med ei eiga sak om vidare bruk eller sal av Foldrøy skule.

Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om endring av skulestrukturen på bakgrunn av bestilling i kommunestyret i juni. Årsakene til at strukturen må endrast er stor nedgang i elevtalet og dermed reduserte overføringer frå staten til kommunen. Saka tar utgangspunkt i elevtalsframskrivingar og planen har ein kortare tidshorisont enn rulleringa i 2022. Framlegg til endringar vart grundig utgreidd i 2022, og det har kome mange innspel til planen i høyringsperioden i haust. Både elevråda ved Hillestveit og Foldrøy og andre høyringssvar er negative til endring. Ei totalvurdering av opplæringstilbodet i kommunen med reduserte økonomiske rammer og rekrutteringsutfordringar framover, gjer at kommunedirektøren likevel fremjar forslag om å samla ungdomsskuleelevene på Bremnes ungdomsskule, med flytting av Hillestveit frå hausten 2025 og Moster i 2030, og om nedlegging av Foldrøy skule.

Bakgrunn for saka:

I kommunestyrevedtaket 17. juni i sak 35/24 fekk kommunedirektøren mandat til å setja i gong ein ny prosess tidleg hausten 2024 for å greia ut aktuelle endringar i skulestruktur. Bakgrunnen var kommunen sin økonomiske situasjon kombinert med demografiske endringar framover. Oppdaterte tal på elevar i Bømloskulen viser ein tydeleg nedgang i elevtalet frå 1634 i dette skuleåret til 1408 i 2029/30. Bømlo har ein desentralisert skulestruktur med 6 barneskular, 2 kombinerte skular og ein ungdomsskule. Med mindre overføringer til å driva skule for er det naudsynt å vurdera endringar i struktur for å nytta midlane effektivt.

Ei rullering av skulebruksplanen vart varsla i juni og planen vart sendt ut på høyring 3. oktober med høyringsfrist 15. november. På grunn av kort tid til å utgreia alle aktuelle endringar i struktur vert tiltaka presentert i to trinn. Til handsaming i dette møtet legg kommunedirektøren fram forslag som i stor grad er basert på utgreiinga som vart gjort i 2022. Etter dette vedtaket vil kommunedirektøren vurdera å utgreia og fremja ytterlegare tiltak i 2025.

Før planen vart sendt på høyring var det eit informasjonsmøte i kommunestyresalen der kommunedirektør og kommunalsjef for oppvekst, skule og idrett orienterte om bakgrunnen for planen og om dei tiltaka som vart fremja. Utval for levekår har vore styringsgruppe for skulebruksplanen i haust. Planen som vart sendt på høyring er administrasjonen sitt framlegg og den er ikkje handsama i utvalet. Høyringssvara til denne planen ligg som vedlegg til saka. Saksføreleget frå 2022 med høyringsinnspele som kom inn då, ligg også som vedlegg. Kvart høyringssvar er ikkje kommentert individuelt, men dei punkta som mange har peika på vert kommentert eller svara ut i saksutgreiinga.

Endringar i krinsgrenser som følgje av vedtaket vil bli fremja snarast råd.

Saksutgreiing:

Kommunen har etter opplæringslova § 13-1 plikt til å gi grunnskuleopplæring til innbyggjarane og ha hensiktsmessige skulebygg til opplæringa. Det er ingen lovar eller regelverk for endring av skulestruktur. Avgjersler om å oppretta eller leggja ned ein skule ligg til den kommunale handlefridomen og byggjer på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Sjå Udir sitt rundskriv, *Behandlingen av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser Udir-2-2012*, om sakshandsamingsreglar i kommunar som har gitt forskrift om skulekrinsgrenser.

Bømlo har ein skulebruksplan som gjeld for perioden 2014-2025. Arbeid med rullering av planen vart gjennomført i 2021-2022, men i det politiske vedtaket i juni 2022 vart forslaga til strukturendring ikkje vedtekne. Målet var då å laga ein skulestruktur som hadde berekraftige kostnadskonsekvensar for drift av grunnskulane, og at mest mogleg av midlane som går til skule skulle nyttast til å styrkja innhaldet i skulen. Arbeidet med rulleringa var grundig og det var ei omfattande involvering og medverknad frå alle aktuelle interesser. Det vart nytta prognosar for elevtal utarbeidde av Norconsult. Desse har vist seg å stemma godt for mange av krinsane, men for andre er det noko avvik. For Svortland skule og Hillestveit har det vore ein større nedgang i elevtal enn prognosane viste, medan Gilje og Våge har nokre fleire elevar.

Det nye framlegget til skulebruksplan har ein kortare tidshorisont 2025-2031 og byggjer på elevtalsframskrivingar. Framskrivinga tar med alle barn som er fødde i barnehage og skulealder. I tillegg er det noko tilflytting og fråflytting i kommunen. Til vanleg aukar eit årskull i Bømlo med mellom 20 og 40 barn frå fødselsåret til dei er ferdige med 10. trinn. Nokre skulekrinsar har tilflytting og andre har fråflytting.

Ein skulebruksplan konsentrerer seg i stor grad om dei fysiske rammene for opplæringa og viktig i denne planen har vore å:

- sikra at ressursane vert brukte effektivt og optimalt, både økonomisk og i forhold til pedagogiske mål.
- sikra at Bømlo kommune har gode, funksjonelle bygg som er tilpassa elevtalet

- skapa gode og likeverdige fysiske læringsmiljø for elevane i kommunen
- sjå framover i tid når det gjeld utvikling og vedlikehald av skuleanlegg og skulestruktur for å sikra at organiseringa av skulane framleis møter behova til skulen og samfunnet.

Det er i dag 9 grunnskular på Bømlo: 4 fådelte og 5 fulldelte. 3 fådelte barneskular (Foldrøy, Gilje og Våge), 1 få-delt kombinert skule (Hillestveit), 3 fulldelte barneskular (Rubbestadneset, Meling og Svortland), 1 fulldelt kombinert skule (Moster) og ein fulldelt ungdomsskule (Bremnes). Skuleåret 2024/2025 er det 1634 elevar til saman og dette er ein nedgang på om lag 100 elevar sidan skuleåret 2021/2022 (1731). Elevtalsframskrivinga viser at i 2029/2030 vil elevtalet vera ytterlegare redusert med vel 200 elevar til 1408. Ein reduksjon på over 300 elevar på mindre enn 10 år får store konsekvensar for overføringane kommunen får til grunnskule.

Det har i fleire budsjett vore gitt reduserte rammeløyvingar til grunnskule og sidan det ikkje vart vedteke endringar i struktur, har dette vorte gjennomført med generelle nedtrekk for skulane. I tillegg er det teke bort løyvingar til tidleg innsats (styrking) for elevar som har ulike vanskar, og til program for å jobba med trivsel og inkludering som MOT og timer til gjennomføring av Trivselsleiarprogrammet.

Bømlo kommune tildeler ressursar til skuledrift etter ein tildelingsmodell kalla rammetimetal. Ressursane blir tildelt på grunnlag av elevtal, lærarnorm samt funksjonar og leiing. Stortinget vedtok i 2018 innføring av ein norm for lærartettleik som seier at det skal i gjennomsnitt vera maks. 15 elevar pr. lærar i 1.-4. klasse og i gjennomsnitt maks. 20 elevar pr. lærar i 5.-10. klasse. Tidlegare hadde kommunen ein tildelingspraksis basert på tidlegare grunnskulelov som hadde føringar for klassedelingstal og som førte til at små og fådelte skular vart favorisert. Det er no ein jamnare fordeling mellom små og store skular når det gjeld lærarressurs pr. elev. Ved ytterlegare reduksjon av ressursar, utan at det vert gjort endringar på struktur, vil kommunen bryta lærarnorma på fleire skular.

Grunnskulane i Bømlo er generelt i god stand og har god kapasitet. Unntak frå dette er Våge skule der det er bestemt å byggja ny skule, og Meling skule som har fått ei auke i elevtal utover det skulen vart dimensjonert for, også med utbygging i 2021. På grunn av den økonomiske stoda for Bømlo kommune er det ikkje aktuelt å gjera endringar som fører til større bygningsmessige tiltak.

Kommunedirektøren legg fram forslag om å samla alle ungdomskuleelevane på Bremnes ungdomsskule. Det er plass til elevane frå Hillestveit frå skuleåret 2025/2026. Bremnes ungdomsskule er dimensjonert for 5 klassar på kvart trinn og vert til hausten 364 elevar. Det vert 35 elevar på ungdomstrinnet på Hillestveit. Elevane som skal byrja i 8. klasse vil bli tekne med i rutinane BUS allereie har for overføring av elevar frå dei 6 andre barneskulane (Svortland, Meling, Gilje, Rubbestadneset og Foldrøy) som soknar til skulen. På 8. trinn vert det då 5 klassar på trinnet, med 133 elevar til saman. På 9. trinn er det 118 elevar på BUS og berre 4 klassar, og på Hillestveit 13 elevar. Dette trinnet blir då delt i 5 klassar og blir 131 elevar til saman. På 10. trinn vert det 122 elevar og 5 klassar på BUS og dei 13 elevane frå Hillestveit kan gå inn i eksisterande klassar. Alle elevane frå Hillestveit må ha skuleskyss til Bremnes ungdomsskule. Det er om lag 3 mil frå Hillestveit skule til Bremnes ungdomsskule.

Kommunedirektøren foreslår å venta til skuleåret 2030/31 med å flytta elevane på ungdomstrinnet på Moster til Bremnes ungdomsskule. Då er talet på elevar nærmast halvert i høve til inneverande år (124) og basert på elevtal i noverande 2.-4. årstrinn til saman 67 på ungdomstrinnet, og ein klasse på kvart trinn. Det

vil vera mogeleg å flytta ungdomstrinnet til BUS dette året utan utbygging. Det vert då 5 klassar på kvart trinn på BUS som er maks kapasitet i høve til klasserom. Det vil vera utfordrande med kapasitet på spesialrom som musikk, kunst og handverk, mat og helse og naturfag samt utfordrande med nok arbeidsplassar til lærarane og miljøarbeidarane. I åra etter vil elevtalet gradvis gå nedover.

Utvikling BUS 24/25 til 36/37 inkl. HIL og MOS													
Eining	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35	35/36	36/37
BUS	544	520	506	510	488	473	444	430	426	424	425	389	369

Når det gjeld barneskulestrukturen foreslår kommunedirektøren å leggja ned Foldrøy skule frå hausten 2025 og at ytterlegare endringar vert fremja etter naudsynt utgreiing og medverknad i 2025. Foldrøy skule er den minste fådelte skulen i kommunen og har eit elevtal mellom 40 og 50 elevar i perioden. Viss Foldrøy skule vert nedlagt, er nærskulen til elevane frå bygda Svortland skule. Det er om lag 9 kilometer frå Foldrøy skule til Svortland skule. Det betyr at alle elevane vil ha rett til skuleskyss. Sidan avstanden er såpass kort vil ikkje elevane få vesentleg lengre skuledag. Elevtalet på Svortland er redusert i seinare år og det er plass til elevane frå Foldrøy utan at skulen må byggjast ut. Svortland er bygd som ein to-parallell skule. Denne hausten er det berre ein klasse på 1.trinn.

Flytte elevar Foldrøy til Svortland 25/26 til 29/30					
Eining	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Foldrøy	46	51	43	41	48
Svortland	280	260	242	239	216
Total	326	311	285	280	264

Ved samanslåing av ungdomstrinna og nedlegging av Foldrøy skule vil kommunen ha ein god prosess for overføring både av elevar og tilsette. Ein vil nytta overføringsrutinar ein allereie har for å trygga elevane og sjå til tidlegare erfaringar med samanslåing. Det vil bli også bli gjort risikovurderingar for å sikra prosessen for både elevar og tilsette. Tillitsvalde og vernetenesta har vore informert undervegs i arbeidet med planen, og kommuneleiing og personalleiing har hatt møte med dei tilsette både på Foldrøy og Hillestveit.

Vurderingar:

Det er kome 48 høyringssvar til skulebruksplanen innan fristen. Det viser at det er eit stort engasjement i saka og sterke kjensler knytt til dei endringane som er lagt fram. Kommunedirektøren takkar for alle innspela som er komne inn og som er med å belysa saka sett frå ulike ståstadar.

Alle høyringssvara er lagt ved saka, men synspunkta som går igjen i svara vert kort gjort greie for her. Det er fleire konkrete spørsmål som kjem fram i høyringssvara. Desse vert i stor grad svara ut i saksutgreiinga.

Innspel knytt til flytting av ungdomstrinnet på Hillestveit:

Mange av høyringssvara kjem frå ulike aktørar i Langevåg, grendalag, skule, lag og organisasjonar og næringsliv. Dei legg vekt på at elevane trivest på skulen og har kort skuleveg. Dei er samstemte i bekymringa for at flytting av ungdomsskuleelevarne frå Hillestveit til BUS vil gjera bygda mindre attraktiv å busetja seg i, og det er uro for fråflytting. Næringslivet meiner at dette vil ha konsekvensar for rekrutteringa av arbeidstakrar. Høyringssvara peikar også på den lange skulevegen som vil redusera fritida til elevane og kan skape utryggleik for sårbare elevar. I tillegg kan lange skuledagar gå utover konsentrasjon og vera uheldig for deltaking i fritidsaktivitetar, idrettslag og korps. Det kjem også fram bekymring for større skolemiljø, med større risiko for mobbing og rusproblematikk.

I høyringssvara frå elevråd, klubben, leiinga og FAU frå BUS viser dei til at det er plass til elevane frå Hillestveit og at skulen er positiv til å ta imot dei. Dei vil arbeida for å få til ein god overgang viss det vert vedteke flytting.

Innspel knytt til flytting av ungdomstrinnet på Moster:

Fleire høyringssvar viser til liknande utfordringar ved flytting av ungdomsskuleelevarne frå Moster til Bremnes ungdomskule som frå Hillestveit. At det ikkje er ungdomstrinn i bygda kan gjera den mindre attraktiv å busetje seg i. Elevane trivest på skulen og mange har kort skuleveg. Den lange skulevegen til BUS vil redusere fritida til elevane, og det er uheldig for deltaking i fritidsaktivitetar. Det vert sagt at eit mindretal er positive til flyttinga. Nokre av høyringsinnspele peikar på at flyttinga av elevane ikkje er utgreidd økonomisk og at ein dermed ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for ei avgjersle.

Høyringssvar både frå Moster og frå ulike organ ved BUS meiner at det vil vera for knapt med plass på Bremnes ungdomsskule i 2031, ikkje når det gjeld klasseromskapasitet, men areal til praktisk-estetiske fag og arbeidsrom til tilsette.

Innspel knytt til å ha berre ein ungdomskule

Det vert peikt på at det kan vera ei utfordring å berre ha ein ungdomsskule i kommunen. Viss ein elev ikkje trivest på skulen, har dei ikkje eit alternativ.

Innspel knytt til nedlegging av Foldrøy skule:

Høyringssvara som er komne kring nedlegging av Foldrøy skule peikar på at skulen har eit stabilt elevtal, og at elevane trivest og har eit lite og trygt skolemiljø. Fleire er uroa for at nedlegging kan forårsaka auka fråvær, skulevegring og mobbing. Nedlegging av skulen kan føre til fråflytting frå bygda. Grendeutvalet har teke initiativ til å etablira ein privatskule, og FAU støttar opp under denne løysinga. Dei ynskjer at kommunen driv skulen fram til denne er etablert.

Høyringssvara frå Svortland skule sine organ er positive til å ta imot elevane. Skulen har hatt ein reduksjon i elevtal dei siste åra og det er god plass til elevane frå Foldrøy. Dei er opptekne av at det er viktig å ha nok tid til ein god overgang.

Innspel knytt til Svortland skule

I høyringssvara frå FAU, elevråd og klubbane ved Svortland skule peikar dei på at det er behov for eige SFO-areal på Svortland skule.

Innspel knytt til Meling skule:

Det er komne fleire høyringssvar som omhandlar kapasiteten på Meling skule. Det er for lite klasseroms- og SFO-areal til det aukande elevtalet. Store klassar i små klasserom skapar utfordringar for læringsmiljøet. Skulen treng nytt dekke på fotballbanen for å sikre gode fysiske aktivitetstilbod. FAU ynskjer fysiske lærebøker og skuleskyss til alle på fareklasse 2 strekningar.

Innspel knytt til Våge skule:

Høyringssvar frå Våge er positive til at nytt bygg vert omtala i planen og ber om at det vert avklart med finansiering av skulen.

Innspel knytt til Gilje skule

Redusert elevtal har ført til kutt av 3,5 årsverk dei siste åra. Elevtalet er stabilt framover og dei er uroa for ytterlegare reduksjonar i ressursar for å kunna driva ein god skule for elevane. Skulen har plass til 150 elevar.

Innspel knytt til elevar med nedsett funksjonsevne

Høyringssvar frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er opptekne av at ved endring i skulestruktur må det sikrast god overføring frå noverande skule til ny skule. Ein bør tilstreba at dei/den som er tett på barnet, vil følge over i ny skule. Rådet ønsker at SFO tilbodet til barn med nedsett funksjonsevne vert vurdert, og at eit føreseieleg og reelt SFO tilbod med felles retningslinjer kjem på plass.

Innspel knytt til tildeling av ressursar til skule generelt:

Mange høyringssvar frå skular, fagforeiningar og foreldreutval ber politikarane prioritera ressursar til å driva gode skular i kommunen. Det er bekymring for knappe ressursar både når det gjeld bemanning og drift. Det vert oppmoda om å ikkje lengre bruka ostehøvelkutt. Skulane opplever at kutt av tidleg innsats og styrkingsressursar og av tiltak til førebyggjande arbeid som MOT- og trivselsleiar programmet har vore negativt. Mange skular er på lærarnorm, og ytterlegare nedtrekk vil føre til for knapp bemanning til å gje eit godt tilbod til alle. Det vert åtvara om mangel på lærarar framover, og fare for å mista kompetanse når ressursane er knappe og jobben krevjande. Fleire peikar på behov for meir praktisk opplæring og midlar til materiell.

Innspel knytt til skysstilbod:

Ungdommane har fokus på eit godt skysstilbod, både effektiv skuleskyss og ruter som gjer det mogleg å delta på aktivitetar på ettermiddag og kveldstid.

Leite aust Vel har peika på auka trafikk og därlegare tryggleik for GS trafikantar i Idrettsvegen som konsekvens av fleire elevar på skulane.

Innspel knytt til avbøtande tiltak ved lang skuledag:

Fleire høyringssvar er uroa for konsekvensar for elevar når det gjeld deltaking i fritidsaktivitetar både i sentrum og i bygda dei bur. Det er kome forslag til avbøtande tiltak for å hindra ventetid mellom skule og aktivitetar i sentrum t.d. med leksehjelp eller kultur- og idrettstilbod i SFO tida.

Kommunedirektøren sine vurderingar:

Barnets beste: I det følgande vil konsekvensar av tiltaka som legg i vedtaket bli vurdert med særleg fokus på barnets beste og framtidige behov for skuledrift i Bømlo kommune. Barnekonvensjonen er teken inn i norsk rett ved menneskerettslova i 2003, og forpliktar kommunane til å legge vekt på barnets beste blant anna i saker om skulestruktur. Det var difor viktig å sikra at barn og unge si stemme skulle komma fram i høyringa. Skulane la til rette for at elevråda, ved dei skulane som vil få endringar som følge av vedtaket, fekk høve til å senda inn høyringssvar. Det er kome inn høyringssvar frå elevråda ved Hillestveit skule, Foldrøy skule, Svortland skule og Bremnes ungdomsskule. Det vart også lagt til rette for at ungdomsrådet, forsterka med elevråda frå alle ungdomskulane, hadde felles møte og dei har kome med eit felles høyringsinnspele. Oppsummering av desse innspela er teke inn i planen i kap. 3.2. Det er også kome inn høyringsvar frå foreldreutvala ved Hillestveit skule, Moster skule, Foldrøy skule, Svortland skule og Bremnes ungdomsskule samt FAU og elevråd i andre krinsar.

Mange av høyringssvara seier at dei føreslegne strukturendringane ikkje er til det beste for barna og dei unge. Elevane sjølv, representert ved elevråda og uttalar frå FAU, har påpeikt at lang reiseveg til ungdomsskulen vil redusera den livskvaliteten dei opplever å ha i dag. Dei får mindre tid til fritidsaktivitetar, til å vera med venner, og lokale aktivitetar kan bli vanskelegare å driva. Dei vil få mindre tid til lekser, og dersom dei forsøv seg så kjem dei seg ikkje like lett av garde til skulen, fordi det er for langt til å kunna gå eller sykla. Dei fryktar at i store skolemiljø så vil dei ikkje lenger ha same kontakt med lærarar og medelevar, og at dei vil missa verdifull kontakt med lokalmiljøet. Ungdomsrådet peikar på at dei ser fordelar med eit meir variert fagtilbod og eit større elevmiljø, men understrekar samstundes at det krevst gode rutinar for å sikra ein trygg og inkluderande skulekvardag for alle.

Elevrådet på Foldrøy skule viser til at dei har snakka med alle elevane og at dei trivest godt i eit lite miljø. Dei både leikar i lag og lærer på tvers av trinn, og har tilhørsle til skulen og bygda si. Dei er nøgde med å kunne gå eller sykle til skulen og med dei vaksne som jobbar der.

Når kommunedirektøren skal vurdera barnets beste må vurderingane i skulebruksplanen leggja vekt på situasjonen til alle elevane i grunnskulen i Bømlo. Det må vurderast om ressursfordelinga er jamn nok og skapar gode læringsmiljø for elevane på alle skulane. Av den grunn kan ei totalvurdering medføra at ein kan måtta ta avgjerder som dei involverte i endringane ikkje opplever er til deira beste.

Likeverdig opplæringstilbod: Som nemnt i innleiinga er det primært to årsaker til at denne planen vert rullert no, demografi og økonomi. Elevtalet har allereie gått ned og denne utviklinga held fram slik at det i dette tiåret blir om lag 300 færre elevar i Bømloskulen. Overføringane frå staten vert tilsvarande redusert og utgiftsbehovet innan helse og omsorg aukar. Fram til no har reduksjonen i ressursane blitt fordelt på alle skulane, men med enda større nedgang i åra som kjem vil det få store konsekvensar dersom me ikkje endrar strukturen. Fleire høyringssvar frå dei tilsette i skulane peikar på ein krevjande situasjon med færre vaksne til å skapa eit trygt og godt læringsmiljø, og dei bed om at det ikkje vert gjort ytterlegare nedtrekk.

Ved å gjera strukturendringar kan ein samla elevane i færre skular. Ein kan fylla opp klassar etter lærarnorma og dermed spara lærarressursar. Den viktigaste kostnadsdrivaren for skule er tal på stillingar og ved å ha flest mogleg fulldelte skular med større klassar på kvart trinn vert det rimelegare for kommunen. Ein kan også spara ved å ha drift og vedlikehald på færre skuleanlegg og ein vil også redusera

administrasjonskostnadane. Det er kjent at det framover kan bli vanskelegare å rekruttera nok kvalifiserte lærarar og skuleleiarar. Med bakgrunn i desse faktorane vurderer kommunedirektøren at for å kunne gje eit likeverdig skuletilbod med like god kvalitet til alle elevane i Bømlo kommune, så vil omsynet til alle barns beste her gå framfor omsynet til eit mindretal, sjølv om desse opplever ein endra kvardag og det dei vurderer som eit dårlegare skuletilbod på grunn av større avstand til skulen.

Skuleskyss: Vegane i kommunen er langt betre i dag enn for få år sidan. Dette gjeld både til og frå Foldrøy skulekrins, og vegen mellom Langevåg og Bremnes. Våren 2027 skal etter planen heile traseen sørover vera ferdigstilt og det vil gjera transporten raskare og tryggare for elevane. I byggeperioden vil det kunne vera noko ventetid der vegen skal byggjast langs noverande trase. Dette vil gjelda i starten av skuleåret 2025 til utbetringa langs Ravnabråtet er ferdig.

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket. All skyss vert organisert av Skyss (fylkeskommunen). Skyss etterstrever å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg innanfor om lag 45 min. for 1.-4. årstrinn, 60 min. for 5.-7. årstrinn og 75 min. for 8.-10. årstrinn. Ved lengre veg enn 2 km til haldeplass kan elevar søkje om tilrettelagt skyss på denne strekninga. Skyss si tidsramme er tilstrekkeleg for elevane på Foldrøy og på Hillestveit, kanskje med unntak av dei som bur på Espenvær. For elevane frå Espenvær er ein avhengig av gode korrespondansar for at ikkje total reisetid skal overstige dette. Når vedtaket i saka er gjort vil administrasjonen gå i dialog med Skyss for å få til best moglege skuleruter for neste skuleår.

Økonomisk ansvar og kostnad for skuleskyss avheng lengde frå heimen til skulen. Elevar i 1. klasse som har meir enn 2 km til skulen, og elevar i 2.-10. klasse med meir enn 4 km til skulen, har rett på gratis skuleskyss. I utgangspunktet betaler kommunen personsats for buss. Frå 01.08.2024 er personakst for barn i Vestland 24 kr. Med to turar per dag og 190 skuledagar vert utgift per elev 9120 kr i året. Det er same sats for heile Bømlo, så kostnaden aukar ikkje for dei elevane som allereie har skyss, sjølv om den vert lengre som konsekvens av strukturendring. I utrekninga av innsparing er det lagt inn skuleskyss for alle elevane.

Trafikken i Idrettsvegen vil ikkje auka monaleg som følgje av dette vedtaket. Det kan passera ein ekstra buss frå Langevåg før og etter skulen. Dei største utfordringane med stor trafikk i området er føresette som køyrer elevar med kort avstand til skulen. Det fører til ein forverra trafikksituasjon og enda fleire som uroar seg for trafikktryggleiken.

Konsekvensar for sosiale tilhøve etter skuletid: I fleire høyringssvar, men spesielt i innspelet frå ungdomsrådet, vert det peika på at endringar i skulestrukturen vil ha konsekvensar for det sosiale miljøet. Lange skuledagar vil gjera det vanskeleg å delta i aktivitetar i sitt nærmiljø, og det blir mindre tid til å vera med vene. Mangelen på godt kollektivtilbod kan også gjere det vanskeleg å delta på aktivitetar i sentrum, og å vera saman med nye vene her. Det har over lang tid vore ei viktig sak for ungdomsrådet å få på plass bussar som gjer det mogleg å koma seg mellom bygdene og til sentrum på fritida. I dialogen med fylkeskommunen om nye skuleruter, vil kommunen igjen ta dette opp og sjå på kva ruter som er mogleg å få til slik at ungdommane sine behov vert høgare prioritert.

Samfunnsmessige konsekvensar: Fleire høyringssvar etterlyser at verdien av å ha ein skule eller eit ungdomstrinn i bygda vert vurdert i skulebruksplanen og til den politiske saka. Dei opplever at kvaliteten på lokalsamfunnet blir redusert når skulen eller eit trinn vert lagt ned og elevane flytta, og at dette gir uheldige

konsekvensar i eit samfunnsperspektiv. Skulen er eit sentrum i bygda, og ei nedlegging meiner ein vil verka negativt inn på tilflytting, framtidsoptimisme, næringsutvikling og livskvalitet for alle aldersgrupper.

Nedlegging/flytting vil kunne føra til at unge folk flyttar frå staden, moglegvis frå kommunen. Bømlo kommune treng unge framover, og ein er uroa for rekrutteringa til arbeidsplassar. Det kan i neste omgang også få konsekvensar for skatteinntektene til kommunen.

Mandatet administrasjonen har fått når det gjeld skulebruksplanen er avgrensa til å gjelda skulestrukturen. Vurderingane er difor gjort med blikk på det totale opplæringstilbodet elevane i grunnskulealderen får no og framover, når det gjeld god ressursutnytting og kvalitet i skuletilbodet. Her er vurderinga som er gjort av barnets beste viktig. Saka om skulebruksplanen har difor ikkje omhandla bygdeutvikling eller livskvalitet for vaksne aldersgrupper i dei bygdene/delsentra som er berørte. Dette er tema som i større grad må vera ein del av den overordna samfunnssdelen av kommuneplanen.

Planen omtalar likevel at skular ofte er viktige sosiale og kulturelle møteplassar, og ei berekraftig løysing må balansere mellom effektive skuleløysingar og livskraftige lokalsamfunn. Viss ei bygd ikkje lengre har skulen som sitt naturlege samlingspunkt bør det vera ei god dialog med grenadautval og andre lag og organisasjoner for korleis ein framleis kan leggja til rette for eit godt lokalmiljø, der ein tar vare på tradisjonar og møtepunkt i bygda. Fleire bygder har opplevd skulenedlegging tidlegare, men har klart å ta vare på identiteten sin og samhaldet i bygda ved å halda på og skapa nye sosiale arenaer.

Økonomi: Kommunen må etablira ein økonomisk berekraftig skulestruktur framover der ein ser heile grunnskuletilbodet samla og nyttar reduserte overføringer effektivt. Når ein skal berekna innsparing ved strukturendring må dette vurderast i eit lengre perspektiv, sidan dette vert ein varig reduksjon i driftsnivået og ikkje berre ein innsparing for neste budsjettår. Den største kostnaden ved skuledrift er stillingar, og det er reduksjon i stillingar knytt til ordinær undervisning og administrasjon som er lagt til grunn for innsparingsa. Stillingar knytt til spesialundervisning er gjort som enkeltvedtak og følgjer eleven. Det same gjeld stillingar knytt til SFO for Foldrøy skule. Driftsutgifter pr. elev til skolemateriell og skulebøker følgjer også eleven. Det er ein føresetnad for den berekna innsparinga at flyttinga av elevane ikkje fører til klassedeling på Svortland og Bremnes ungdomskule. Dette varierer med tal på elevar i kvart kull på avgivar- og mottakarskule. Der klassedeling er ein konsekvens av overføringera vil innsparinga det året verta redusert. Dette gjeld mellom anna for 9. trinn i skuleåret 2025/2026 på Bremnes ungdomskule, sidan dette trinnet pr. no berre har 4 klassar. Det ville vore vanskeleg å setja opp ei utrekning for kvart år framover i tid på kva mindreforbruket til skule blir ved samanslåing. Nokre år vil det verta ei større innsparing, medan andre år vert den mindre.

Sjølv om innsparinga vert gjort med reduksjon i stillingar, ser ein ikkje at det vil verta behov for oppseiingar av tilsette. Dei tilsette i faste stillingar ved skulane der elevane vert flytta, vil få tilbod om stilling ved ein av dei andre skulane i kommunen. Det er kvart år behov for nye tilsette til å erstatta dei som vert pensjonistar, søker seg over i anna arbeid eller går ut i permisjonar.

Til fråtrekk i innsparinga er auka skyssutgifter. I talgrunnlaget er denne kostnaden lagt inn med det året i perioden med høgast elevtal. Skyss (fylkeskommunen) organiserer skuleskyssen ut frå kommunen sine behov og kommunen betaler personakst per elev.

I det gamle inntektssystemet vart det i 2022 innført eit nytt kriterium for utrekning av størrelsen på rammetilskotet. Dette er grunnskuletilskotet som utgjorde kr 500 000 pr grunnskule i 2022 kroner. I 2024 utgjer grunnskuletilskotet kr 541 000 pr grunnskule. Om grunnskuletilskotet blir vidareført i det nye

inntektssystemet for kommunane vert avgjort av Stortinget i desember når Statsbudsjettet vert vedteke. Med dagens regjeringsfleirtal så er det venta at dette vert vidareført i 2025, men dette er ei politisk løyving som er usikker framover. Dersom kommunen legg ned Foldrøy i 2025, vil grunnskuletilskotet for 2026 bli redusert med kr 541 000 (2024 kroner).

På Hillestveit vert skulen vidareført som få-delt barneskule som Gilje og Våge, og det er ikkje lagt inn reduserte kostnad til drift av bygget. Ved nedlegging av Foldrøy kan bygget seljast og kommunen kan få inntekter som følge av sal, og i tillegg fell driftskostnadane for denne skulen bort. Punkt 3 i framlegg til vedtak seier at kommunedirektøren vil koma tilbake med ei eiga sak om sal av skulen viss den vert lagt ned. Her har ein i andre bygder kome fram til gode ordningar der grendalag har ynskt å ta over drifta av bygget. I Foldrøy skule er det ei idrettsflate som det er søkt om spelemedialar til og som kommunen må betala tilbake delar av tilskotet til ved evt. sal.

Foldrøy grendalag har vore i dialog med både administrasjon og politisk miljø i høyringsfasen og fortalt om deira planar om å oppretta ein privatskule med Montessori pedagogikk. For å etablera ein privat grunnskule må ein søkja til Utdanningsdirektoratet innan 1. februar og kan få avgjort sin søknad innan 1. februar året etter. Bømlo som verkskommune får høve til å uttala seg i saka, med det er Udir som gjer vedtak om etablering og som gir driftsløye når skulen oppfyller deira vilkår. Ein godkjent privatskule vil få eit statstilskot til drift og kan krevja inn inntil 15% av tilskotsgrunnlaget som skulepengar. I tillegg kan skulen krevja inn eit beløp i året til dekning av husleige eller kapitalkostnader som er fastsett i forskrift til privatskoleloven og som i år utgjer 3 400 per år.

Bømlo kommune blir trekt for elevar som bur i kommunen og går på privatskule. For 2025 er trekksatsen kr. 133 100,- pr. elev. I tillegg må kommunen betale for spesialpedagogisk tilrettelegging på same måte som ein i dag gjer for barn i dei private barnehagane. Kommunen har også kostnaden med eventuell skuleskyss for elevar som har rett på skyss, etter same reglar som til offentleg skule.

Innsparing ved flytting av ungdomstrinnet frå Moster til Bremnes ungdomskule i 2030/31 er ikkje berekna i denne saka. Dette er så langt fram i tid at det er utanfor økonomiplanperioden. Det ville vore meir usikkerheit knytt til ei slik berekning, sidan elevtalet på ungdomskulen i 2030 vil vera om lag halvert i høve til inneverande år i følgje elevframskrivinga.

Det vart peika på i fleire høyringssvar at for å få eit meir likeverdig opplæring for elevane på mindre ungdomskular kunne det vore ei løysing at lærarar frå Bremnes ungdomsskule køyrde til Hillestveit og Moster for å ha undervisning i fleire språk og valfag. Grunnen til at dette ikkje er blitt vurdert er at det er ei kostbar løysing. Undervisning i små grupper er dyrare enn i store klassar. Med mange elevar på eit ungdomstrinn kan desse delast i fleire store grupper som dermed kan velja opplæring i t.d. mange ulike framandspråk, medan ein liten skule berre kan gje val mellom to. Det som kan vurderast framover, viss det ikkje vert samanslåing, er digital undervisning. Då kan elevane på ein liten skule følgja undervisninga på ein annan skule digitalt og treng då ikkje ein eigen lærar. Det vert opna for fjernundervisning i den nye opplæringslova der det er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Kompetanse: Som nemnt er det kjent at det framover kan bli vanskelegare å rekruttera nok kvalifiserte lærarar og skuleleiarar. Det har over tid vore færre søkerar til lærarutdanninga, og det merkast godt på HVL som er den utdanningsinstitusjonen me rekrutterer flest av våre lærarar frå. Det har til no vore

vanskelegare å få oppfylt kompetansekrava på dei mindre skulane, og ha ein samla tilstrekkeleg fagkompetanse på skulen. Mange lærarar ynskjer å arbeida i eit større fagmiljø der dei kan samarbeida med andre i sitt fag og på same trinn.

Dei siste åra er krava til lærarane sin kompetanse blitt auka. Det er ulike krav til undervisningskompetanse for lærarar som underviser på barnetrinnet og ungdomstrinnet. For å bli tilsett som lærar i grunnskulen må ein ha ein femårig mastergrad som inkluderer pedagogikk. For å undervise i faga norsk, matematikk og engelsk i barneskulen, krevst det at ein har 30 studiepoeng (tilsvarar eit halvt års studie) fagkompetanse i desse faga. Når det gjeld dei andre faga på barnetrinnet, er det nok at ein har den godkjende lærarutdanninga. Det tverrfaglege samarbeidet er dermed større på barnetrinnet, ein har kollegaer som underviser i dei same faga òg på fådelte skular.

For undervisning på ungdomstrinnet stilles det større krav til lærarane sin fagkompetanse. Dei som underviser i norsk, matematikk og engelsk må ha 60 studiepoeng (tilsvarar eit års studie) i faget. For å undervisa i dei andre faga; naturfag, samfunnsfag, krle, mat og helse, kroppsøving, kunst og handverk, musikk og andre språkfag enn engelsk, må læraren ha 30 studiepoeng. Fagleg samarbeid betyr ofte meir på ungdomstrinnet, lærarar ynskjer kollegaer å drøfta fag med. Det skal mellom anna setjast karakterar både undervegs og som sluttvurdering i form av standpunkt og eksamen. Kommunen har ansvar for å sikre elevane tilgang til godkjent lærarkompetanse. På store nok ungdomsskular dekkjer lærargruppa samla dette fagkompetansekravet, som faglærarar underviser dei i fag dei har kompetanse i. Lærarar som underviser i klassar med to eller fleire klassegrupper i same klasse, må tilpassa undervisninga til fleire årskullsnivå og kompetansekrav i læreplanen, og elevane i den samanslattede klassen må dela på læraren si tid i klasserommet.

Fram til no har me klart ved tilsetjing å få kvalifiserte lærarar i alle faste stillingar til skulestart, men i løpet av året har det vore naudsynt å tilsetja vikarar som ikkje fyller kompetansekrava. På Hillestveit, som har eit lite ungdomstrinn, har dei fått dekka kompetansekrava ved å nytta lærarar på barnetrinnet med nok fagleg fordjuping til å ta einskilde fag på ungdomstrinnet.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane for skuledrift vert redusert med om lag 7 millionar kvart år. Dette vil variera med elevtal som avgjer tal på klassar og skuleskyss.

Miljømessige konsekvensar:

Ansvarleg forbruk er eit viktig miljøperspektiv. Dette gjeld all ressursbruk. Auka transport av elevar bidrar til større utslepp, sjølv om dette vil skje med kollektivtransport. Vestland fylkeskommune har eit

nullutsleppsmål, og jobbar for å sikra at all kollektivtransport vert låg eller nullutslepp. Fram til desse måla er nådd vil det vera ein auke i klimagassutslepp.

Drift av mange bygningar; bruk av energi til straum for oppvarming, har òg konsekvensar i eit miljøperspektiv. God energiutnytting skjer der mange personar nyttar felles bygg, miljøavtrykket per person blir større der det er få som nyttar felles bygg. Dersom ein endra skulestruktur gjev mindre vedlikehaldsbehov, og fører til færre bygg som krev mindre materiale og tenester, vil dette gje redusert klimagassutslepp.

Beredskap og samfunnstryggleik:

For Bømlo kommune, med vel 12 000 innbyggjarar og sentralt plassert i Sunnhordland, vil ikkje ei endring i skulestrukturen ha noko særleg innverknad på beredskapen og samfunnstryggleiken i kommunen.

Folkehelse:

I saksutgreiinga og i høyringsinnspela vert det vist til risiko for negative konsekvensar for helse og trivsel til elevane som vert flytta. Konsekvensane vil vera særleg gjeldande i ein overgangsfase.

Redusert fysisk aktivitet som følgje av lengre reiseveg til skulen der elevar som før kunne gå eller sykla til skulen no må ta buss. Samt at lang skuledag kan redusera høve til å delta i lokale fritidsaktivitetar.

Når det gjeld trivsel er konsekvensen på kort sikt hovudsakleg negativ på grunn av utryggleik ved skulebytte til eit større skulemiljø. Sårbare barn har ekstra risiko for redusert trivsel. På lengre sikt kan trivselen bli betre for nokre av elevane på grunn av større mangfold og breiare tilbod.

Vedlegg til saka:

Skulebruksplan for Bømlo kommune 2025-2031

Innsparing ved flytting av elevar frå Foldrøy

Innsparing ved flytting av elevar frå Hillestveit

Kostratal for ulike indikatorar – grunnskule

Skulebruksplan for Bømlo kommune 2021-2036 (ikkje vedteken)

Høyringsvar skulebruksplan i 2021

Høyringssvar frå:

1. Christine Mæland
2. Leite Aust Vel
3. Moster grenadautval
4. Langevåg barnehage
5. Elevrådet på Hillestveit
6. Langevåg utvikling
7. Utdanningsforbundet Bømlo
8. Napier AS
9. Klubben ved Foldrøy skule
10. Moster Idrettslag

11. Utdanningsforbundet og Fagforbundet ved Svortland skule
12. Meling skule, Sfo
13. Elevrådet Svortland skule
14. Meling skule
15. Torbjørn Torkelsen
16. Espevær grenadautvalg
17. Skuleutvalet Hillestveit
18. Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne
19. FAU Hillestveit
20. Klubben UDF og Fagforbundet på Hillestveit skule
21. Kine Olson
22. Bømlo Idrettslag
23. Bremnes ungdomskule, leingga
24. Elevrådet på Bremnes ungdomsskule
25. FAU Rubbestadneset
26. Foldrøy speidargruppe
27. Klubben i utdanningsforbundet ved Meling skule
28. FAU styret ved Svortland skule
29. Høyringsinnspel - dobbelført
30. Næringslivet på Langevåg
31. Foldrøy grenadautval
32. Ungdom på Espevær
33. Me-To regnskapskontor på Langevåg
34. FAU Bremnes ungdomskule
35. FAU Moster skule
36. Utdanningsforbundet ved Bremnes ungdomskule
37. Utdanningsforbundet ved Gilje skule
38. Kine og Tor Inge Rasmussen
39. Skolelederforbundet Bømlo lokallag
40. Elevrådet på Foldrøy
41. Eidesvik havfiske
42. FAU ved Foldrøy skule
43. Hillestveit skulekorps
44. Tryggvason
45. Bømlo ungdomsråd
46. Finnås grenadautval
47. Bømlo næringsråd
48. Elevrådet Meling
49. FAU Meling

50. Spørsmål frå Foldrøy grennautval